
Saksnr: 2020/51601-9
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti
Dato: 29.10.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesordføraren

Oppfølging av selskapskontrollen av Grieghallen IKS - nytt svar frå fylkesordføraren

I møte 15.06.20 ber Kontrollutvalet fylkesordføraren om å kome med ny skriftleg status på oppfølginga av følgjande punkt:

Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:

- a) grunngeving av val av styremedlemmar.
- b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
- c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.

Vedtaket er del av kontrollutvalet si oppfølging av selskapskontrollen med Grieghallen IKS, som vart gjennomført av Deloitte AS på bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i 2018. Endeleg rapport førelåg i september 2018 og fylkestinget i Hordaland vedtok ei rekke oppfølgingspunkt for fylkesordføraren og selskapet i desember same år.

Fylkesordføraren har tidlegare, i notat 29.05.20, gjeve tilbakemelding på oppfølgingspunkta. Svara i dette notatet står ved lag.

Fylkestinget har ved Eigarskapsmeldinga 2019 vedteke korleis fylkeskommunen på generelt grunnlag skal innrette eigarstyringa og kva fylkeskommunen forventar frå selskapa. Fylkeskommunen sine retningsliner m.m. for eigarstyring og uttrykte forventningar overfor selskap er i tråd med KS sine tilrådingar for eigarstyring, selskapsleiing og kontroll, m.a. når det gjeld val av styre og styrearbeid. Arbeidet med eit mest mogleg føremålstenleg system for eigarstyring held fram i årets eigarskapsmelding.

Fylkesordføraren legg til grunn at fylkeskommunen vil utarbeide ein eigarstrategi for Grieghallen IKS saman med den andre eigaren, Bergen kommune. Eigarstrategien vil m.a. ta opp i seg tilrådingane i pkt. a) og b) over. Fylkesordføraren vil så snart som råd ta initiativ overfor Bergen kommune til å kome i gang med dette arbeidet.